



Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

14/1029

LP/SJ

523

Høyringsvar frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal - Endring av forskrift om regulering av svine- og fjørfeproduksjonen

Fylkesmannen i Møre og Romsdal mottok 20.10.2014 høyringsbrev frå Landbruks- og matdepartementet om endring i forskrift om regulering av svine- og fjørfeproduksjonen. Fylkesmannen i Møre og Romsdal har to tilbakemeldingar til høyringa:

1. Om satsar for standardisert erstatning

Fylkesmannen i Møre og Romsdal stiller seg positiv til å regulere satsane for standardisert erstatning. Økonomien i produksjonane har auka dei siste 10 åra, utan at ein har regulert satsane for standardisert erstatning tilsvarende.

2. Om formålet med forskrifta

Lov om regulering av svine- og fjørfeproduksjonen har som formål å legge til rette for spreining av svine- og fjørfeproduksjonen på fleire einingar ved å regulere produksjonsomfanget hos den einskilde produsent.

Forslag om å auke konsesjonsgrensa er grunngjeve i at det har skjedd ein effektivisering og ein produktivitetutvikling, blant anna gjennom raskare tilvekst. Det inneber at det er muleg å produsere meir med uendra bygningsmasse. Større einingar og betre utnytting av eksisterande bygningsmasse og teknologi gjer lågare kapitalkostnadar og meir effektiv produksjon. Det gjer samla sett lågare kostnadar i produksjonen og grunnlag for lågare priser til forbrukarane.

Departementet legg til grunn eit fortsatt godt samsvar mellom etterspørsel og produksjon i marknaden, slik ein ser i dag.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal stiller spørsmål om forslaget om auke i konsesjonsgrensa for kylling og kalkun er i tråd med formålet om å legge til rette for spreining av svine- og fjørfeproduksjonen på fleire einingar ved å regulere produksjonsomfanget hos den einskilde produsent.

Med helsing

Ottar Longva (e.f.)
ass.dir.

Marianne Aas Halse

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.